



Kvam herad

Tilstandsrapport barnevernstenesta 2024

RETT TIL EIN TRYGG OPPVEKST



Alma Rake 2024

Heilskapleg blikk, felles ansvar

Innhold

1. Oppsummering	2
2. Om barnevern.....	2
3. Presentasjon av verksemda.....	3
4. Temaområder	5
A. Geografisk avstand til spesialiserte tenester	5
B. Dekningsgrad og kapasitet.....	5
C. Bakgrunnsinformasjon/demografi.....	6
D. Meldingar.....	6
E. Undersøkingar	7
F. Tiltak.....	8
G. Fosterheim.....	10
H. Hasteflytting/akuttvedtak.....	12
I. Ettervern.....	13
J. Kvalitet.....	13
K. Bemanning og kompetanse	14
L. Økonomi	15
M. Nytt fagsystem - Modulus-barn	16
N. Samarbeid med andre sektorar og tenester	16
O. Førebyggjande arbeid.....	17
P. Deltaking i prosjekt og utvikling	17
Q. Forvaltningsrevisjon barnevernet 2024 og feil i grunnlag	17
R. Utfordringsbilete.....	18
S. Innsatsområde og tiltak.....	18



1. Oppsummering

Barneverntenesta arbeider etter Lov om barnevern (barnevernsloven). Tenesta har fokus på å overhalda lovkrava, og det skjer sjeldan avvik.

Utfordringar:

- Geografisk avstand til spesialiserte tenester
- Balanse mellom å jobba førebyggjande og med dei mest utsette familiene .
- Kapasitet til å utvikla hjelpetiltak basert på lokale forhold og tilpassa kompleksiteten kring familiene sin situasjon.
- Sikre stabile medarbeidarar med høg kompetanse i tenesta.

Viktige satsingar for barnevernet i 2024 er:

- Halde fram med fokus på kjerneoppgåvene og prioritering av dei familiene som treng tiltak frå barneverntenesta mest.
- Overhalda lovpålagte fristar og oppgåver.
- Framleis deltaking i kommunale prosjekt, BTI-satsinga og implementeringsarbeidet.
- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet.
- Samarbeide med Voss og Hardanger barnevern om fosterheimsprosjektet.
- HMT arbeid for å ta vara på dei tilsette.
- Leggja til rette for at enkeltmedarbeidarar skal ta vidareutdanning og kurs.
- Opplæring og støtte til nytilsette.
- Delta i barnevernleiarforum i Vestland
- Delta i arbeid med evaluering av Familiesenteret leia av Oppvekstsjefen.

2. Om barnevern

Barneverntenesta er ei lovpålagt teneste som arbeidar etter Lov om barnevern. 01.01.2023 trådde ny barnevernslov i kraft. Me har drive intern opplæring gjennom 2023, og implementert denne i fagtekster og rutinar.


Lovdata skildrar Lov om barnevern slik: *Barnevernsloven er en norsk lov som regulerer barnevernets organisering, formål og maktutøvelse. Barnevernet skal først og fremst være en hjelpetjeneste selv om loven åpner for svært inngrpende tvangstiltak i familiesfæren. Loven slår fast at tiltak for å sikre barns omsorg, beskyttelse og trygge oppvekst ikke skal være mer inngrpende enn nødvendig. Den vektlegges samtidig at å sikre barnets beste er lovens overordnede formål, og dette hensynet skal veie tungt i barnevernets vedtak. Blant annet har loven regler om barnets medvirkning og rett til å bli hørt, i tillegg til at det kan gjøres unntak fra foreldres rett til innsyn i dokumenter.*

Barnet sitt beste er framleis lova sitt mest sentrale omsyn. Terskelen for tvangsinngrep er den same. Den nye lova skal sikre betre ivaretaking av barn som har foreldre som ikkje bur saman.



Barneperspektivet står sentralt i form av meir deltaking og medverknad. Menneskerettane har fått auka fokus. Ein finn særleg påverknad frå barnekonvensjonen og menneskerettskonvensjonen.

3. Presentasjon av verksemda



Ved barneverntenesta i Kvam jobbar me etter det me kallar generalistmodell. Det inneber at alle barnevernkonsulentane jobbar med alle delar av ei barnevernsak, som er mottak, undersøking, hjelpetiltak, oppfølging av barn som bur i fosterheim eller på institusjon, og deltaking i ulike prosjekt og samarbeidsforum. Ein fordel med organiseringa er at barna får færre byter av kontaktperson, som me veit kan vera belastande. Ei utfordring er at barnevernkonsulentane skal beherska eit stort område innan eit komplekst fagfelt. Gjennom åra har det vore prøvd ut ulike modellar for vår organisering. Det er ynskjeleg å oppnå noko styrka spesialisering gjennom fagstillingar, men det er lite restkapasitet i tenesta utover å handtera kjerneoppgåvene. Slik situasjonen er, er dei ikkje rammert til å jobba meir med utvikling av våre hjelpetiltak.

Ved fråvær i tenesta, er det sjeldan mogleg eller føremålstenleg å henta inn vikarar. Jamleg har dette ført til høgt arbeidspress på alle tilsette i tenesta, for å sikre forsvarlege tenester. Enkelttilsette sin ekstraordinære innsats bidreg til at me til trass for låg bemanning i periodar, meistrar å halda fristar og krav. Det aukar likevel risiko for slitasje på tilsette og mangelfull oppfølging av familiene.

Barneverntenesta i Kvam består av til saman 11 personar, fordelt på følgjande stillingar:

Merkantil: 0,5 Barnevernleiar: 1 Miljøarbeidar: 1 Barnevernkonsulent: 7,6. Funksjonen assisterande barnevernleiar er henta frå ressursen barnevernkonsulent. Assisterande barnevernleiar kombinera leiaroppgåver og saksbehandlaroppgåver.

Barneverntenesta har ei stilling som miljøarbeidar. Dette er ei tiltaksstilling med fokus på heimebasert hjelpe og tett oppfølging av enkeltfamiliar eller ungdom. Miljøarbeidaren tilbyr praktisk hjelpe på mange område, samarbeider med privat og offentleg nettverk, gjev støtte, råd og rettleiing innan aktuelle utfordringar.





Familiesenteret organiserer 3 stillingar som familierettleiarar. Omlag 1,6 stilling vert nytt til å hjelpetiltak etter vedtak frå barneverntenesta. Familierettleiarane jobbar i tillegg 1,4 stilling på tidleg innsats.

Barneverntenesta har 50 % merkantilressurs. Vår merkantilt tilsett har ei 40 % stilling ved PPT.

Det er eit krav om at alle kommunar skal ha akuttberedskap utanom barneverntenesta si kontortid. Kvam herad har inngått ei avtale med barnevernsvakta i Bergen frå 01.05.2019. Dei er opne kl. 08.00-02.00 alle dagar. Etter kl. 02.00 når ein barnevernsvakta via politiet.

Barnevernsvakta rapporterer årleg på kontakt og hendingar knytt til Kvam herad. I rapporten frå 2023 finn me:

Barnevernvakten har i løpet av 2023 vært i kontakt med 11saker hos dere. Disse fordeler seg slik tabellen viser;

Henvendelse fra:	Antall saker:	Henvendelsen gjelder:
Barneverntjenesten i Kvam	3	Bv.tj. har behov for å drøfte, eller be Barnevernvakten være obs/ følge opp.
Foreldre eller nettverk	3	Foreldre søkt råd vedr. samværskonflikt Foreldre har meldt ungdom uteblitt.
Barn/ ungdom selv	0	
Politi	2	Barnevernvakten har snakket med politiet i forbindelse med 2 episoder hvor det ble utøvd vold mellom foreldre.
Lege	2	Legevakten har bedt om råd og veiledning i 2 saker.
Skole/barnehage	0	
Andre	1	Institusjon har bedt om råd i forbindelse med utagering

Barnevernsloven om barnevernets organisering og oppgaver:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§15-3>



4. Temaområder


Me prøver å ta for oss litt ulike temaområder gjennom ein heradsstyreperiode. Eit fast tema har det likevel vorte, og det er tilgang på spesialiserte tenester for Kvam herad sine innbyggjarar. Me vil og gje ein kort informasjon om dei ulike fasane i barnevernet sitt arbeid og korleis barneverntenesta føl opp lovkrava.

A. Geografisk avstand til spesialiserte tenester

I Kvam har me ein lang reiseveg til spesialisttenesta psykisk helsevern for barn og unge (BUP). Dei er lokalisert på Voss. Busstransport er mogeleg, men det er få avgangar og det vert mykje ventetid. Familievernet og PPT for vidaregåande skule har heller ikkje kontor i Kvam. Me ser at det fører til press på lokale tenester om å levert tilbod som ligg tett opptil eller overlappar med, delvis erstattar desse tilboda. Alle ekstra oppgåver ein legg på Familiesenteret, tek viktig kapasitet frå kjerneoppgåver i barneverntenesta. Her kan me særleg trekka fram at Familiesenterets sin kompetanse vert ynskt i overlapp for tilbod frå BUP Voss og Familievernet i Odda. Ei ny oppgåva som skal piloterast på oppdrag frå heradsstyret, er samlivskurs som per i dag ligg til Familievernet.

Det er eit ynskje at alle innbyggjerane skal få det same tilbodet frå dei spesialiserte tenestene, uavhengig av adresse. Kanskje er det dei som treng det mest som har størst vanskar med å nytta tilboden når logistikkutfordringane blir store? Frå Kvam si sida har me ynskje om at dei spesialiserte tenestene skal ha faste dagar med utekontor i kommunen, men ikkje lukkast med dette.

B. Dekningsgrad og kapasitet



Når me ser indikatorane for dekningsgrad og kapasitet, ligg Kvam om lag på det nasjonale snittet. Unntaket er for "fosterhjemstiltak i familie og nære nettverk". Her ligg Kvam vesentleg høgare enn landssnittet. Dette er ei ønska utvikling, med fokus på at barn som må flytta frå familien sin, skal kunna bu med andre dei kjenner frå før. Nokon gongar er det likevel ikkje mogleg, og då vil fosterheim verta rekruttert utanfor nettverket. Me må derfor forventa at denne indikatoren vil svinga over tid.



C. Bakgrunnsinformasjon/demografi

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Norge	Grafisk visning
<u>Barn i befolkningen (2023)</u>	21,3 %	20,3 %	A horizontal bar chart showing the percentage of children in the population of Kvam compared to Norway. The bar for Kvam is slightly above the central vertical line, indicating it is higher than the national average.
<u>Andel i befolkningen med utdanning utover grunnskole (2022)</u>	79,4 %	75,9 %	A horizontal bar chart showing the percentage of the population with education beyond primary school. Kvam's value is significantly higher than the national average.
<u>Enslige forsørgere med barn under 18 år (2023)</u>	12,7 %	17,1 %	A horizontal bar chart showing the percentage of single parents with children under 18. Kvam's value is lower than the national average.
<u>Barn som bor i lavinntektsfamilier (2022)</u>	10,1 %	11,5 %	A horizontal bar chart showing the percentage of children living in low-income families. Kvam's value is slightly lower than the national average.
<u>Utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste pr. innbygger 0-17 år (2023)</u>	6 913 kr	5 104 kr	A horizontal bar chart showing per capita spending on prevention, health stations, and school health services for children aged 0-17. Kvam's spending is significantly higher than the national average.
<u>Barn med bekymringsmelding i forhold til barnebefolkningen (2023)</u>	4 %	4,1 %	A horizontal bar chart showing the percentage of children with a concern report relative to the total child population. Kvam's value is slightly lower than the national average.

Hentet fra Bufdir sin kommunemonitor barnevern 03.05.2024.

Indikatorane over kan gje eit bilet på særlege utfordringar i ein kommune. Me ser at samanlikna med Noreg, kjem Kvam godt ut på desse barometrane. Det er positivt og kan tolkast som eit teikn på at det er gode oppvekstvilkår for dei fleste barn i Kvam. Samstundes må me hugsa på at sjølv om me til dømes har ein lågare andel barn som bur i låginntektsfamiliar enn landssnittet, er det krevjande for dei 10,1 % barn det gjeld.

I førebyggjande plan er det peika på nokon negative utviklingstrekk i kommunen som gjeld barn og unge, henta frå folkehelseoversikta frå Kvam 2021-2023:

- Auke i unge som mottek uføreytelsar
- Aukande tendens til at barn bur i hushald med vedvarande låginntekt
- Høg andel barn på lågaste meistringsnivå i lesing på 5. trinn
- Fråfall og redusert deltaking i organiserte aktivitetar blant ungdom
- Auka i tal barn som har vore rusa på alkohol siste året.
- Auke i tal ungdommar som har mange psykiske plagar.

I barneverntenesta ser me stabilitet i type utfordringar me møter i familiene. Vårt talmateriale er relativt lite. Me meiner samstundes å erfara ein svak aukande trend i utfordringar knytt til konflikt mellom foreldre som ikkje bur saman, og førekomst av rus og psykiske helseplagar hjå foreldre. Blant barna meinar me å sjå ein svak trend i alkoholbruk, skulefråvær og sosiale vanskar. Me ser og at fleire familiarer strevar med å finna eigna bustad.

Me vil trekka fram at barneverntenesta har hatt eit godt samarbeid med Nav sin Bustadkoordinator. Det har vore ei nyttig satsing i Kvam som me ser stor verdi i.

D. Meldingar

Det er ein nasjonal trend at tal på meldingar til barnevernen har gått ned siste åra. I meldingane er det ofte fleire grunnar til at det er bekymring, og det er vanleg at bekymringa har bygd seg opp





overtid. Det er og ein nasjonal trend at om lag halvparten av mottekte meldingar er knytt til barn som barneverntenesta allereie kjenner til. Me ser ein svak nedgang i tal meldingartil barneverntenesta i Kvam i 2023.

I barneverntenesta er me mest opptatt av om me kjem i kontakt med dei rette familiene, meir enn tal på mottekte meldingar. Me har ein uro for at det er barn me ikkje når i dag. Dette med bakgrunn i statistikk knytt til andel barn som opplever vald og overgrep i befolkninga, statistikk over foreldre med alvorlige utfordringar med psykisk helse eller å vera rusavhengig i Norge.

I 2023 mottok barneverntenesta 123 meldingar. Ved mottatt melding skal barnevernet vurdera om det er behov for umiddelbare tiltak. Det er dagleg oppdatering på innkomne meldingar for å gjera denne vurderinga. Alle meldingar skal verta vurdert innan ei veke, og det skal gjerast ei skriftleg vurdering på om det skal starta ei undersøking eller ikkje. Dette skjer i vekentlege meldingsmøter med leiar og assisterande leiar. **I 2023 vart alle meldingar konkluderte innan frist.**

Meldingane kjem frå foreldre, politi, helsetenesta, barnehage, skule, PPT, privatpersonar og andre. Innhaldet i meldingane omfattar både forhold knytt til foreldre, barnet og miljøet. Vanlege tema er:

- Foreldre som er rusavhengige
- Psykisk uhelse hos foreldre
- Vald
- Psykisk uhelse hjå barn
- Barn som lever med foreldre i konflikt etter samlivsbrot.
- Barn med diagnosar som krev særleg oppfølging og det er manglande kapasitet til den særlege omsorgsoppgåva hos foreldra.
- Barn som strever med å vera på skulen eller å tilpassa seg skulekvardagen.
- Familiar med lite nettverk og generell ressursfattigdom.
- Barn med lite nettverk, einsemd, mobbing og utanforskap.

Me mottek få meldingar om de yngste barna. Frå hausten 2024 skal kommunen i gang med prosjektet "tidlig inn". Tidlig inn er eit opplæringsprogram for å styrke tenestene og rutinane, for å gje naudsynt hjelptil familiar med utfordringar knytt til rus, psykisk helse og vald i nære relasjonar. Her er fokuset på dei yngste barna. Målet er å fanga opp dei som trenger ekstra hjelptil på et tidlegare tidspunkt.

Barnevernslova om meldingar:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§2-1>

E. Undersøkingar

Etter å ha motteke ei bekymringsmelding for eit barn, kan kommunale barneverntester oppretta undersøkingssak. Hovudhensikta med ei slik undersøking er å innhenta, bearbeida og vurdera informasjon om barnet, forholda i heimen og nærmiljøet. Terskelen for å starta undersøking er relativt låg.





På bakgrunn av denne informasjonen skal barneverntenesta vurdera om barnet har særskilte behov etter Lov om barnevern. Vurderinga byggjer på kontakt med familien, barnesamtalar, informasjon frå andre instansar og den løpende dialogen ein har med familien. Instansane som gjev informasjon om barnet i ei undersøking, kan vera barnehage, skule, helsestasjon, PPT, BUP, politi, lege, privatpersonar eller andre. Undersøkinga skal gjennomførast innan tre månader og avsluttast med rapport og vedtak.

Etter undersøking kan saka enten:

1. Henleggast utan vidare oppfølging då det ikkje er trong for tiltak frå barneverntenesta.
2. Barneverntenesta legg vekk saka fordi familien ikkje samtykkar til hjelpetiltak.
3. Iverksette hjelpetiltak
4. Henlegge undersøking med bekymring
5. Fremme sak om begjæring av tiltak til barneverns- og helsenemnda.

Ifølge Barneversloven skal undersøkinga gjennomførast så skånsomt som mogleg, og den skal ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. Samarbeid med familien er ein føresetnad for gode vurderingar og høgt vektlagt. Barnet skal medverka etter alder og modenheit.

I 2023 gjennomførte barneverntenesta i Kvam 63 undersøkingar. **I følge tal frå Bufdir, har Kvam fristbrot på 38,1 % av alle undersøkingar. Dette medfører ikkje riktigheit.** Me ser at i risiko og vesentleg vurdering for forvalningsrevisjon og eigarskapskontroll av april 2024 frå Deloitte, har dei tatt utgangspunkt i det same datagrunnlag, der måltalet altså er feil. Årsaka til feilen har oppstått, er migreringsutfordringar i samband med overgang til nytt fagsystem, der det har oppstått tellefeil. Viser til våre kvartalsrapporter 3 og 4 som rapporterer med 0 fristbrot på både mottak av meldingar og undersøkingsfristar. Det å overholda fristar er i seg sjølv ein del av kvalitetssikringa av tenesta og har høgt fokus hos oss. Ved enkelte særskilde situasjonar, kan fristen utvidast til 6 månader. Då blir det sendt ei grunngjeving for utviding til Statsforvalteren for vurdering. Dette skjedde i 2023 og avgjersla om utviding vart godkjent.

Barneverslova om undersøkingar:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§2-2>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§2-5>

F. Tiltak

Barn og ungdom under 18 år har krav på omsorg og rett til en trygg oppvekst. Det er i fyrste rekke foreldra sitt ansvar og ligg i foreldreansvaret. Når foreldre i kortare eller lengre periodar ikkje greier å ivareta dette ansvaret, skal barnevernet hjelpe.

Gode tiltak for barn og familiari i kommunen er først og fremst effekten av den samla innsatsen som gjeld alle innbyggjarane. Det er viktig med gode barnehagar, skular, helsetilbod, fritidsaktivitetar, bustadar, familieøkonomi, arbeidsplassar, nabolag, transportmoglegheitar, tilgang på natur, religiøs utfaldning, alkoholpolitikk osv.





I Kvam har det over mange år vore høgt fokus på at tenestene har eit felles ansvar for innbyggjarane i kommunen, og at me må jobba saman og med fokus på medverknad, for å gje den beste hjelpa. Kravet til samarbeid på både system- og individnivå er nedfelt i velferdslovene. Me meiner dette fungerer ganske godt i dag, men det er klart at det finst enkeltsaker der me framleis blir utfordra og ikkje får det godt nok til. Dette er kontinuerleg arbeid. I Kvam har BTI-prosjektet (betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Kvam) vore ei stor satsing. Koordinator i prosjektet har ei viktig rolle i implementeringsfasen som varar ut 2024. Implementering tek tid og me håpar me framover vil oppleva at denne satsinga gjev god effekt på både tidleg avklaring av bekymring, samarbeid mellom instansane og treffsikre tiltak.

Til ei kvar tid, er det om lag 50-60 barn som mottek hjelpetiltak frå barneverntenesta i Kvam. Nokon i ein kort periode, andre over mange år. Dei ulike hjelpetiltaka har ulik funksjon og kan delst inn etter:

- Kompenserande tiltak
- Kontrolltiltak
- Omsorgsendrande tiltak
- Strukturerande tiltak

Dømer på tiltak:

- Opphald i besøksheim
- Avlastningstiltak
- Ungjobb
- Fritidsaktivitetar
- Barnehageplass/SFO
- Bruk av støttekontakt
- Samarbeidsmøter
- Familieråd
- Urinprøver
- Meldeplikt
- Foreldrerettleiing
- Ungdomsoppfølging
- Opphold i senterforforeldre og barn.
- MST og PMTO.
- Frivillig fosterheim og støttefamilie

Det er eit høgt fokus frå både fagleg og politisk hald om å jobba for at barn skal kunna bu heime hjå sine foreldre. Det er viktig at tiltaka treff på behova på eitt tidleg tidspunkt. Tidleg innsats er derfor viktig og det er framheva i Barnevernsloven § 1-10: *"Barnevernet skal sette inn tiltak tidlig for å forebygge alvorlig omsorgssvikt og atferdsvansker."*

Tiltaka etter Barnevernsloven er innretta mot omsorgssvikt og åtferd. Det betyr at det er barn som har særskilte behov, utan at dei fell inn under Lov om barnevern. Då har barneverntenesta ein råd- og rettleiingsplikt til å informera om rette instansar og lovverk.





Hjelpetiltaka etter Barnevernslova er i hovudsak samtykkebaserte. Dei skal utformast i samarbeid med foreldra, og barn skal medverke etter alder og mogneskap. Nokon gongar lykkast ein ikkje med å einast om iverksetting av hjelpetiltak. Då vil saka verta henlagt. Ved alvorleg bekymring for barna sin situasjon, kan saka verta henlagt med bekymring. Det inneber at barnevernenesta kan starta ny undersøking av barna sin heilskaplege situasjon innan 6 månader. Hjelpetiltak skal evaluerast systematisk, for å sikra at dei har ønska effekt.

Som del av intensjonen i oppvekstreforma, har eigenandelen til kommunen auka ved kjøp av tiltak frå det statlege barnevernet. Intensjonen bak dei auka satsane er at det kommunale barnevernet skal utvikle hjelpetiltaka slik at det ikkje skal vera behov for meir omfattande tiltak, som institusjonsplassering og anna. Det er openbart at kommunen kan ha høg økonomisk satsing inni i enkeltfamiliar for å unngå plassering og der igjen spara pengar. Men tiltaka skal utviklast, bemannast og vera på plass. Me må og anerkjenna at det nokon gongar vil vera naudsynt, og til det beste for barn og unge, å ta i bruk meir omfattande tiltak. Sjå liste under for prisoversikt.

Tiltak	Sats per måned
Barnevernsinstitusjoner	kr 182 700
Barnevernsinstitusjoner – enslige, mindreårige asylsøkere og flyktninger fra omsorgssentre og asylmottak*	kr 91 350
Senter for foreldre og barn (døgnopphold med en foregående utredning)	kr 76 210
Senter for foreldre og barn (hjemmebasert/poliklinisk med en foregående utredning)	kr 13 085
Beredskapshjem og spesialiserte fosterhjem**	kr 91 350
MST (Multisystemisk terapi)	kr 16 180
FFT (Funksjonell familieterapi)	kr 16 180
Webster Stratton	kr 0

Barnevernslova om hjelpetiltak:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§3-1>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§8-1>

G. Fosterheim

Fosterheim er private familiar som på oppdrag frå kommunen skal gje barn ein trygg og god heim med forsvarleg omsorg. Til fosterforeldre skal det veljast personar som har særleg evne til å gje barn en trygg og god heim. Nokre barn bur i fosterheim i ein kort periode, andre veks opp i fosterfamilien. Dei fleste barn som bur i fosterheim bur der etter vedtak om omsorgsovertaking i Barnevernsnemnda. Nokre bur i fosterheim som frivillig hjelpetiltak i samarbeid med foreldra.



Føremål med fosterheim etter forskrift:

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2023-10-13-1632/KAPITTEL_1#shareModal

I 2023 budde 14 barn frå Kvam i fosterheim.

I 2023 hadde Kvam tilsynsansvar for 11 barn som bur i fosterheim i kommunen og er plassert frå annan kommune.

Situasjonen til barn i fosterheim skal følgast opp. Dette skjer både i form av besøk frå tilsynsførar og frå barnevernenestag gjennom tilsynsbesøk og oppfølgingsbesøk. I utgangspunktet gjeld det eit krav om minimum fire besøk årleg frå både barnevern og tilsynsførar. I tillegg kjem samarbeidsmøter, Barnesamtalar, oppfølging av biologiske foreldre, nettverksoppfølging og annan kontakt rundt barnet. Oppfølgingsbehova varierer mykje, og vert tilpassa den enkelte situasjonen.

Familiesenteret sine rettleiarar bidrar med rettleiing til fleire av våre fosterheimar. Me nyttar og innleigde konsulentar i enkelte situasjoner der det er det mest hensiktsmessige. Til dømes for fosterheim busett i ein annan kommune, eller ved behov for særleg kompetanse hjå rettleiar.

Når kommunen har overteke omsorga for eit barn, skal det og gjerast vedtak om samvær mellom barn og foreldre. Behova til barn og foreldre skal vektast, og det skal gjerast ei vurdering av barnet sitt beste. Ein skal jobba for å ha ei innretning av samvær som kan ivareta målet om gjenforeining av foreldre og barn. Alle omsorgsovertakingar er i sin natur førebels, og barnevernenest skal jobbe for å setja foreldra i stand til å ha omsorga for sine barn igjen. Det statlege Familievernet har fått eit særskilt ansvar for å følgje opp foreldre som har mista omsorga for sine barn. Familievernet har ikkje utekontor i Kvam, og vår erfaring er at få derfor nyttar dette tilboden. I Kvam ser me at det varierer kva tenester som gjev eit tilbod til denne gruppa foreldre, avhengig av foreldra sitt eige ønskje. Både Familiesenteret og Rus- og Psykisk helse-avdelinga har fått ei stor rolle her. Barnevernkonsulentane føl og også opp foreldra, då oftast innan det forvaltningsmessige og koordinerande arbeidet.

Det er ei kjend nasjonal utfordring at det er vanskeleg å rekruttera fosterheim til alle barna som treng det. Det har over tid vore sett søkelys på å finne eigna fosterforeldre i barnet si slekt og nettverk. Dette har Kvam følgt opp over fleire år, og ein høg andel av barna bur i dag hjå nokon dei kjende før dei måtte flytta. Ikke alle har aktuelle fosterforeldre i sine nettverk. Då er det viktig at det finst nøytrale fosterheimar. Det statlege barnevernet har ansvar for å rekruttere nøytrale fosterheimar og bistå når det er behov.

Fosterheim er oppdragstakar. Alle fosterheim mottek utgiftsdekning og grunnstønad etter KS satsar. Nokre barn har behov for at fosterheimen er frikjøpt i kortare eller lengre periodar. Fosterforeldra sine rettar til tenestepensjon ved frikjøp og auka rettar for fosterforeldre til å ivareta barna i kvar dagen innan helse, skule, barnehage og bank, ertema på nasjonalt nivå. Me er spente på om slike endringar vil medføre auka interesse for fosterheimsarbeid og førebyggja uønskt brot.

Når det er behov for såkalla nøytral fosterheim, vender kommunen seg til det statlege barnevernet. Bufetat har bistandsplikt. Denne plikta har dei ikkje greidd å overhalda og me erfarer derfor at barn bur lenge i førebelse løysingar. Ein anna effekt, er at me risikerer at barn må flytta langt. Då vert





relasjonen til nærmiljø og ramma. Oppfølginga frå barnevernet blir kapasitetskrevjande ved lang reiseveg.

Status bistandsplikten

- Norge har mangel på akuttplasser for barn i barnevernets omsorg. I 2023 ble bistandsplikten brutt 141 ganger nasjonalt.
- Brudd i Region vest (konkludert av statsforvalter):
 - 2022: 0
 - 2023: 28
 - 2024: 7
- Vi har i tillegg flere saker der vi ikke har klart å tilby akuttplass så raskt som vi mener vi bør, men som ikke har vært gjenstand for klage fra kommunen til statsforvalter.



 Bufetat

H. Hasteflytting/akuttvedtak

Barnevernenesta har høve til å hasteflytta born. Det kan skje som frivillige tiltak, og i sjeldne tilfelle, utan foreldra sitt samtykke. Då skal vedtaket godkjennast av Barnevern- og helsenemnda. Ei godkjenning derfrå kan klagast på til Barnevern- og helsenemnda, og vidare til domstolane.

Det har vore eit fokus på å redusera talet på slike hasteflyttingar av born i Noreg. Me veit at det kan medføra vesentleg stress for både barnet, foreldre og nettverk når born vert flytta akutt. Nokre gonger tilseier situasjonen at det er naudsynt. Ved alle flyttingar av born skal det vurderast om borna kan plasserast hjå slekt eller nettverk.

Barnevernslova om akuttvedtak:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§4-1>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§4-2>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§4-3>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§4-4>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§4-5>



I. Ettervern

Når barn fyller 18 år, kan hjelpetiltak vidareførast eller erstattast av andre tiltak fram til dei fyller 25 år. Målet er at dei skal få ein god overgang til vaksenlivet. For nokon er det viktig å etablera kontakt med vaksentenestane og barneverntenesta bidrar med hjelp til dette.


Barn som kommunen har hatt omsorga for, får tilbod om vidare oppfølging etter fylte 18 år. Dei fleste ønskjer å halde fram med å bu i fosterheimen til dei er ferdig med vidaregåande skule. Etter vidaregåande skule, er det ofte oppfølging i ulik form og omfang.

Barn som har hatt oppfølging me dan dei har budd heime hos sine foreldre, kan og få ettervernstiltak. Fokuset på denne gruppa auka ved lovendringa av 01.01.2021. No kan tiltak vidareførast til fylte 25 år. Det var eit uttalt politisk mål å styrke oppfølginga av denne gruppa, for å sikre ein god overgang til vaksenlivet. Me ser at det er ein auke i tal barn som ønskjer tiltak etter fylte 18 år. Ofte ønskjer dei tiltaka fram til dei er ferdige med vidaregåande skule, og til dei har kome i gong med ny aktivitet. Miljøarbeidar bistår ofte med praktisk hjelp til disse ungdommane.

Barnevernslova om ettervern:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§3-6>

J. Kvalitet



Kvalitetsmåla fra Bufdir, viser i stor grad at tenesta leverer omlag på nasjonalt nivå. Det er to klare avvik her, fristbrot i undersøkingssaker og barn med evaluert tiltaksplan. Som me tidlegare har nemnt, gjekk me over til nytt fagsystem i september 2023. I denne overgangen har det både oppstått migreringsutfordringar (data skal overførast til nytt fagsystem og lesast rett av der) og bruksutfordringar ved at alt ikkje er gjort teknisk rett i dette systemet. Heldigvis betyr dette at desse





tala ikkje stemmer for kvaliteten i tenesta. Me forventar at me får kvalitativt betre tal for andre halvår 2024. Me hadde ikkje fristbrot i undersøkingssaker andre halvår 2023. Me har ikkje gode tal for evaluering av tiltaksplanar, men dei fleste planane var evaluerte ved overgangen til nytt fagsystem. Det viktige er at me kan formidle at det har vore god oversikt over korleis det går med dei iverksette tiltaka.

Me har over dei siste åra hatt ambisjonar om å gjennomføra ny brukarundersøking. Sist var i 2018. Me har diverre ikkje kunna prioritere dette, og måtte prioritera andre naudsynte endringar dei siste åra.

Me har fokuserat på at dei tilsette skal stetta krava til kompetanse som vil gjelda frå 2031 etter ny lov. Her er me på god veg. Ved utskifting av personale, vil dette kunne endrast. Kompetanseutvikling er kontinuerleg satsing, og må prioriterast.

Barnevernleiarane i Vestland har starta eige forum for utveksling og samarbeid. Deltaking her er viktig. Barnevernleiarrolla er krevjande, og frå juni 2024 skjer det eit leiarbyte i Kvam. Stabil leiing kan vera ein viktig faktor for å ha god styring, kontroll og kvalitet av drifta i tenesta. Avtroppende barnevernleiar har derfor tilrådd at det vert fokusert endå meir på å gje tilstrekkeleg leiarstøtte og eigna rammer til at ny leiar kan stå i rolla over tid. Dette vert arbeidd med.

K. Bemannning og kompetanse

Det er viktig at barneverntenesta fungerer godt i alle ledd. Barnevernlova stiller krav til at tenestene skal vera forsvarlege. Då må me ha ein god barnevernfagleg praksis. Blant anna inneber det at me må ha:

- Høg kompetanse hos barnevernleiarar.
- Ein godt organisert teneste med tydelege oppgåve- og ansvarsfordeling.
- Eit kompetent personale som har naudsynt og oppdatert kompetanse både innanfor gjeldande lov- og regelverk, og på det barnevernfaglege området.
- Eit personale med høg etisk bevisstheit, som opptrer korrekt i møte med barn og familiar, og som ikkje misbrukar mynde og makt
- Ein fungerande internkontroll med føremål om å hindre svikt i tenesta, og som oppdagar og rettar opp svikt og avvik om det likevel skjer.

I større tenester er det vanleg å organisera tenesta i ulike avdelingar som skal spesialisera seg på særskilde områder. Det kan vera mottak av meldingar, undersøkingsarbeid, fosterheimsarbeid, ungdom, spedbarn eller liknande. Det er også vanleg å ha eigen stab, som kan ha ansvar for oppgåver som fagprogram og kontraktar, eller avdeling for fagutvikling og fagstøtte.

I vår vesle teneste er me organisert etter ein generalistmodell. Det betyr at alle barnevernkonsulentane må kunna jobba med alt. Denne organiseringa har både svakheiter og styrkjer. Det me ser er at det tek lengre tid til å kjenna seg kompetent og beherska oppgåvene. Samstundes gjev det over tid eit godt grunnlag for å utvikla eit heilskapleg blikk og brei kompetanse. Dette gjer at det er særdeles viktig for tenesta å sikre at tilsette vert i stillingane over tid. Det tar lang tid å læra opp nye og utvikla naudsynt kompetanse i å jobba i kompleksitet. Denne kompetansen er avgjerande å innehå i alle ledd. Det har derfor vore høgt fokus på følgjande områder i tenesta:






- **Godt arbeidsmiljø.** Me må gjera kvarandre gode og gjera kvarandre godt.
- **Fagstøtte.** Kvar veke er det saksdrøftingar individuelt og kollegarettleiring i gruppe med leiarar. Vera to i dei krevjande oppgåvene, og tilgang på ekstra oppfylging når behov.
- **Vidareutdanning.** Legge til rette for dei som tek vidareutdanning for å nå krav til kompetanse når dette blir innført frå 2031.
- **Tilgang på digitale hjelpeemidlar.** Me har tilgang på Visma veilederen og Lovdata. I Compilo har me utvikla rutinar som me jobbar med å utvikla og forbetra. Dette er kontinuerleg arbeid. Det er også tilgang på noko fagstøtte i det nye fagprogrammet vårt Modulus-barn, som me tok i bruk september 2023.
- **Juridisk støtte.** Barneverntenesta har avtale med advokatfirma som har spisskompetanse på barnevernsfeltet.

Kvam har valt å organisera tiltaksressursen knytt til hjelpe tiltaket råd og veiledning i Familiesenteret. Familierettleiarane der er samorganiserte med utekontakten og psykolog for barn og unge. Dei har oppgåver både etter vedtak om hjelpe tiltak etter lov om barnevern og etter prinsippet om tidleg innsats/førebyggjande arbeid. Det har blitt tematisert i fleire tilstandsrapportar at denne organiseringa har ført til eit vesentleg auka fokus på tidleg innsats, som er ønska og svært positivt. Samstundes har det medført mindre kapasitet til den tette oppfylginga som kan krevjast av dei mest komplekse barnevernsakene. Det har også medført mindre fleksibilitet til å bidra i akutte oppgåver, grunna andre oppgåver som vanskeleg let seg endra på, som avtalte kurs. Barnevern og Familiesenteret har utarbeidd samarbeidsrutiner om ulike «forløp», som konkretiserer oppgåver og arbeidsfordeling i kontakt med familien. Det gjenstår å sjå i kva grad rutinane bidreg til tettare samarbeid og til at familiene får den hjelpa dei treng. Våren 2024 skal det gjennomførast ei evaluering av tiltaksressursane i Familiesenteret på initiativ frå Oppvekstsjefen. Alle helse- og hjelpe tenester skal bidra i dette arbeidet.

L. Økonomi

Indikator	Verdi for sted	Verdi for Norge	Grafisk visning
<u>Utgifter til barnevern pr. barn i befolkningen 0-17 år (2023)</u>	13 497 kr	14 397 kr	
<u>Utgifter pr. barn i barnevernet (2023)</u>	207 861 kr	219 881 kr	
<u>Utgifter pr. barn som bor utenfor hjemmet (2023)</u>	373 214 kr	559 573 kr	
<u>Utgifter pr. barn som får tiltak i hjemmet (2023)</u>	78 648 kr	68 947 kr	
<u>Andel av barnevernsutgiftene som går til saksbehandling (2023)</u>	38,5 %	38,1 %	
<u>Andel av kommunens totale utgifter som brukes på barnevern (2023)</u>	3,2 %	3,8 %	





Samanlikna med Noreg, ser me at utgiftsnivået generelt ligg noko lågare i Kvam. Unntaket er hjelpetiltak. Dette meinar me er ein ynskt dreining, med auka sokelys på å hjelpe barn og familiane heime. Dei økonomiske utgiftene vil me forventa at vil svinga frå år til år, særleg i forhold til behovet for å kjøpa tenester frå det statlege barnevernet. Me ser allereie no at kostnadane for 2024 vil bli høgare av denne grunn.

M. Nytt fagsystem - Modulus-barn

Nytt fagsystem har allereie vore eit tema i denne rapporten. Me signerte avtale om kjøp av Modulus-barn frå Netcompany våren 2022. August 2022 starta arbeidet med å implementera systemet. Det viste seg å vera ein større og lengre prosess enn kva me kunne føresjå. Det har kravd store ressursar frå dei tilsette i både barneverntenesta og kommunen over lang tid. Kvam var ein av dei kommunane som var tidleg i løpet, og det var få erfaringar hos andre å sjå til. Programmet framstår noko prematurt på nokon områder og gjennom bruk har me avdekkja risikoområder me har formidla vidare til Netcompany. Her venter me på tilbakemelding. På andre områder ser me at fagprogrammet tilbyr gode løysningar for oss. Det vil bidra positivt til internkontrollen. Jamnleg blir programmet oppdatert med nye forbetringar framover.

Migreringa av data til nytt fagprogram har blitt omtalt i denne rapporten. Når alle dei gamle barneversakene skulle overførast til det nye fagprogrammet oppstod det fleire utfordringar. Dette handlar om dei tekniske løysningane for å få dette til. Utfordringa gjaldt svært mange kommunar. Bufdir har varsle at nokre oppdateringar i statistikk for 2023 vil koma i juni, juli og august 2024 og at to indikatorar er satt på pause.

Familiesenteret har også gått over til fagprogrammet Modulus, men nyttar færre av funksjonane. Barnevern og Familiesenteret er sidestilte og sjølvstendige einingar med eigne arkiv, dokumentoversikt og postføring.

N. Samarbeid med andre sektorar og tenester

Barneverntenesta har samarbeidsavtalar med fleire andre tenester. I forhold til skule har me i kommunen lagt til grunn BTI-modellen og Bufdir sin veileder om samarbeid mellom skule og barnevern. [Samarbeid mellom skole og barnevern En veileder 2016.pdf \(bufdir.no\)](#)

For samarbeid mellom barnevern og barnehage har vi og lagt til grunn BTI-modellen og veileder for samarbeid: [til-barnets-best---samarbeid-mellom-barnehagen-og-barneverntjenesten.pdf \(regjeringen.no\)](#).

Ut over desse har me lokale samarbeidsavtalar med:

- Familiesenteret
- Helsestasjon/skulehelsetenesta
- NAV
- Politi
- Familievern
- ROP
- PPT
- Tannhelse
- *Me er i prosess med BUP*





Det viktigaste er ikkje kva som står i avtalane, men at me har eit samarbeid som tener innbyggjarane godt. I Risiko og vesentleg vurdering for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av april 2024 frå Deloitte, viser dei til at heradet har utfordring med å få på plass ei god samhandling mellom ulike tenester. Særleg blir det vist til en risiko for manglende samarbeid mellom oppvekst og helsetenester. Det blir vist til godt arbeid med å implementere BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) i kommunen.

Barneverntenesta har i utgangspunktet opplevd at det er mykje godt samarbeid med både tenester og privatpersonar, og kan ikkje direkte kjenna seg att i bildet. Det vil derfor vera av interesse å auka innsikta i perspektivet frå som er gjengjeve i rapporten til Deloitte. Her kan det ligge informasjon av interesse.

O. Førebyggjande arbeid

I fylgje lova, skal barnevernet setta inn tiltak tidleg for å førebyggja alvorleg omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Kommunen skal og fremja gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebyggja at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Det er viktig å merka seg at førebyggjande arbeid er eit kommunalt ansvar, altså ikkje noko som ligg til barneverntenesta åleine.

Heradsstyret vedtok plan for førebyggjande arbeid den 03.10.2023. Planen finner ein her: [Plan for førebyggjande arbeid i Kvam 2023- 2027 \(framsikt.net\)](#) Planen er knytt tett opp mot BTI-modellen. Planen skal styrka Kvam herad sitt arbeid med å førebyggja utanforsk og hindra problemutvikling, eksklusjon og marginalisering av barn og unge.

Familiesenteret har tatt på seg ein stor rolle i det førebyggjande perspektivet ved å tilby tenester på eit lågterskelnivå, også omtalt som Tidleg Innsats. Familiesenteret tilbyr foreldrekurser og har ei aktiv rolle i tenesteutvikling kring foreldrestøtte. Psykolog for barn og unge skal tilby lett tilgjengeleg psykisk helsehjelp.

Barnevernslova om tidleg innsats og førebygging:

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§1-10>

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§15-1>

P. Deltaking i prosjekt og utvikling

Barneverntenesta var i 2023 deltagande i to interkommunale prosjekt. Det eine var *Vestlandsmodellen*, eit prosjekt om arbeid med barn som lever i vedvarande familiekonflikt. Dette prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2023. Tenesta har og delteke i eit *fosterheimsprosjekt* saman med Ullensvang kommune og Voss herad. Dette prosjektet er pågående. Begge prosjekta har koordinator frå Voss barnevern.

Barneverntenesta har rolla som koordinator i konsultasjonsteamet i kommunen. Me er også til stades i *rusteam* og *koordineringsgruppe for fritid*. Me er også involvert i implementeringa av *BTI* og vil vera med i prosjektet *Tidlig Inn* leia av KORUS Vest – Kompetansesenter Rus.

Q. Forvaltningsrevisjon barnevernet 2024 og feil i grunnlag

Me ser at kontrollutvalet vil gjennomføra revisjon av barnevernet i 2024. Det er spanande å få eit utanfrå blikk på tenesta. Med tanke på analysen og vurderinga gjort av Deloitte, er det naturleg at kontrollutvalet og heradsstyret ønskjer det. Dessverre bygger analysen på tidlegare omtala feil i





talgrunnlag i samband med programbytte. Dette er ein feil som også får innverknad på KOSTRA -tala for 2023, og andre analysar som byggjer på desse tala, som Kommunebarometeret. Det er ei utfordring når administrasjonen har avgrensa høve, eller ikkje høve, til å få retta opp i grunnlagsmateriale.

R. Utfordringsbilete

For alle hjelpetenester er det en utfordring knytt til om ein treff den delen av befolkninga som treng tenesta mest. Slik er det og for barneverntenesta. Tenesta mottok mange meldingar, men er uroa for om me fangar opp dei som treng oss aller mest. Dette kan handle om faktorar som kommunen si evne til å fange opp risiko, familien si tru på at barnevernet vil kunna bidra med hjelp, vår evne til å kartlegge, relasjonsbygging og tilgang på tiltak. Me tenker ikkje at dette er unikt for barneverntenesta i Kvam, men det er ein viktig problemstilling.

I foreldregruppa, meiner me å fange opp ein svak trend om auka utfordring med rus og utfordring med psykiske helseplager. Det same gjeld for konflikt mellom foreldre som ikkje bur saman. Blant dei unge meiner me å fange opp ein svak trend mot tidleg debut av alkohol, høgt skulefråvær og ulike sosiale vanskar.

På tenestenivå ser me at manglande fokus på tiltaksutvikling dei siste åra gjer at me opplever at det er meir krevjande å henge med i samfunnsutviklinga og dei utfordringane me ser i dag. Utfordringane og tiltaka må henge saman, og det krev kontinuerleg forbettingsarbeid og utvikling.

Satsing på førebygging har gjeve mindre kapasitet til fokus på vidareutvikling av tiltak for dei familiene som strevar mest. Her må me arbeida fram betre tiltak og søkja samarbeid med nabokommunar. Me ser at arbeidet med å utvikla samarbeidet og tiltaka er krevjande, når det skal skje med dei ressursane me har i dag, og i tillegg til våre lovpålagte kjerneoppgåver.

Fleire utviklingsoppgåver i tenesta dei siste åra kjem av ytre endringar, som ny lov, nytt fagsystem, kommunal deltaking i BTI-team og andre prosjekt. Dette krev kapasitet og det blir lite igjen til utvikling som spring ut av tenesta si eiga vurdering av behov.

I tenesta har me manglande tilgang på vikarar ved fråvær. Det vert løyst med ekstraordinær innsats frå dei tilsette. Over tid ser me dette som risiko for belastning i personalgruppa og mogleg manglande oppfølging av familiar. Dette bidrar og til problemstillinga over når det gjeld manglande utviklingsarbeid.

Me må sikra at me ivaretak dei tilsette, slik at dei blir verande og tilfører stabilitet og opparbeida kompetanse over tid. I kommune Noreg er det ein utfordring å rekruttera nye medarbeidarar og det betyr at me må ha styrka fokus på å behalda tilsette. Løn, arbeidsmiljø og kompetanse er nøkkelord.

Som tidlegare nemnd, saknar me kortare avstand til BUP, PPT for vidaregåande og Familievernet. Me ser at ikkje alle som treng tilboda greier å gjere seg nytte av dei, når dei må reise ut av kommunen. Me ynskjer oss framleis fast utekontor i Kvam for å kunna ta dei som treng tilbodet mest, betrei vare.

S. Innsatsområde og tiltak

- Halde fram med fokus på kjerneoppgåvene og prioritering av dei familiene som treng tiltak frå barneverntenesta mest.
- Overhalda lovpålagte fristar og oppgåver.
- Framleis deltaking i kommunale prosjekt, BTI-satsinga og implementeringsarbeidet.





Kvam herad

- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet.
- Samarbeide med Voss og Hardanger barnevern om fosterheimsprosjektet.
- HMT arbeid for å ta vara på dei tilsette.
- Leggja til rette for at enkeltmedarbeidarar skal ta vidareutdanning og kurs.
- Opplæring og støtte til nytilsette.
- Delta i barnevernleiarforum i Vestland
- Delta i arbeid med evaluering av Familiesenteret leia av Oppvekstsjefen.

